



Innst. 294 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen

Meld. St. 3 (2014–2015)

Innstilling fra finanskomiteen om statsrekneska- pen 2014

Til Stortinget

Sammendrag

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løy-
vingsrekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvings-
rekneskapen syner samla løyving og rekneskap for
kvar post i statsbudsjettet. Under utgiftspostane ser
ein òg overført løyving frå 2013 til 2014 og overført
løyving frå 2014 til 2015. Kapitalrekneskapen syner
statens egedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga
inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard,
statens garantiansvar, tilsegns- og bestillingsfullmak-
ter og oversyn over aksjar som staten eig.

Meldinga gjer greie for løyvingane i statsbudsjet-
tet og for dei rekneskapsførte tala. Det er lagt vekt på
å forklara avvik mellom budsjett og rekneskap. Bud-
sjettutviklinga gjennom 2014 fram til nysalderinga er
nærare omtalt i Prop. 36 S (2014–2015) Ny saldering
av statsbudsjettet 2014 og Prop. 41 S (2014–2015)
Tillegg til Prop. 36 S (2014–2015) om ny saldering
av statsbudsjettet 2014.

I kapittel 1 i meldinga er det gjort greie for
hovudelementa i statsrekneskapen og budsjettpoliti-
ken. Dette omfattar mellom anna bruken av petrole-
umsinntekter, veksten i statsutgiftene og statens
skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå
petroleumsverksemda. Lånetransaksjonar og finan-
sieringsbehov vert òg omtalt. Kapittel 2 tek føre seg
områda til kvart departement for seg. I kapittel 3 er
rekneskapen til Statens pensjonsfond omtalt, og i
kapittel 4 er det gjort greie for statens balanse og
finanspostar.

Tabell 1.1 i meldinga syner statsrekneskapen
2014 etter postgrupper i statens kontoplan for høves-
vis utgifter og inntekter. Utgifter og inntekter knytt til
petroleumsverksemda og utbetalningar til og innbeta-
lingar frå Statens pensjonsfond utland (SPU) er sette
opp særskilt. Dei samla utgiftene vart 1 631,6 mrd.
kroner, medan inntektene før statslånemidlar vart
1 650,0 mrd. kroner. Underskot før lånetransaksjonar
i statsrekneskapen og netto lånepostar (post 90–99)
gjev eit negativt brutto finansieringsbehov på 18,3
mrd. kroner. Dette er postert på kap. 5999 Statslåne-
midlar, slik at samla inntekter medrekna statslåne-
midlar òg vert 1 631,6 mrd. kroner.

Tabell 1.2 i meldinga syner samla egedelar, gjeld
og eigenkapital slik det går fram av balansen (kapital-
rekneskapen). Avslutningskontoen (eigenkapitalen)
auka i 2014 med 1 447,7 mrd. kroner. Det meste av
auken skriv seg frå Statens pensjonsfond. Undersko-
tet før lånetransaksjonar reduserer eigenkapitalen,
medan eigenkapitalen går opp som følgje av at over-
føringane av unytta løyving til neste budsjettermin
minkar. Anna endring i eigenkapitalen er nærare
omtalt i kapittel 4 i meldinga.

Det oljekorrigerde underskotet går fram av netto
utgifter og inntekter (post 1–89) utanom kontan-
straum frå petroleumsverksemda og overføringane til
og frå Statens pensjonsfond utland (SPU). Undersko-
tet vert dekt med ei overføring frå SPU til statsbud-
sjettet som svarar til det oljekorrigerde underskotet
slik det vart rekna i ny saldert budsjett.

Av tabell 1.1 i meldinga går det fram at det olje-
korrigerde underskotet i 2014 vart 160,0 mrd. kroner,
medan statsrekneskapen vart gjort opp med eit under-
skot på 3,8 mrd. kroner.

Statens pensjonsfond består av Statens pensjons-
fond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg
(SPN). Renteinntekter og utbytte i Statens pensjons-
fond inngår i samla oppstilling over statsbudsjettet og

Statens pensjonsfond, og overskotet er eit uttrykk for statens nettofinansinvesteringar, jf. tabell 1.4 i meldinga.

Tabell 1.3 i meldinga syner endring i kapitalen til Statens pensjonsfond og samanhengen med overskot, valutakursregulering og realiserte og urealiserte vinstar og tap.

Overskotet i Statens pensjonsfond vart 315,6 mrd. kroner. Til saman vert statsrekneskapen og Statens pensjonsfond gjorde opp med eit overskot på 311,7 mrd. kroner i 2014.

Ein viser til nærare omtale i meldinga.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Tore Hagebakken, Irene Johansen, Tor Arne Bell Ljunggren, Marianne Marthinsen, Torstein Tvedt Solberg og Truls Wickholm, fra Høyre, Solveig Sundbø Abrahamsen, Svein Flåtten, Sigurd Hille, Heidi Nordby Lunde og Siri A. Meling, fra Frem-

skrittspartiet, Gjermund Hagesæter, Tom E. B. Holthe og Hans Andreas Limi, fra Kristelig Folkeparti, lederen Hans Olav Syversen, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, fra Venstre Terje Breivik, og fra Sosialistisk Venstreparti, Snorre Serigstad Valen, viser til rettebrev fra finansministeren av 19. mai 2015. Brevet ligger vedlagt denne innstillingen.

Komiteen tar omtalen til orientering, og viser for øvrig til Dokument 1 fra Riksrevisjonen som blir behandlet i kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 3 (2014–2015) – om statsrekneskapen 2014 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 28. mai 2015

Hans Olav Syversen

leder og ordfører

Vedlegg

Brev fra Finansdepartementet v/statsråden til Stortinget, datert 19. mai 2015

**Meld. St. 3 (2014-2015) Statsrekneskapen 2014.
Trykkfeil.**

I Meld. St. 3 (2014–2015) Statsrekneskapen 2014 er det avdekket feil på sidene 256 og 299.

Ved en feil er Sametingets kjøp av aksjer i Internasjonalt Samisk Filminstitutt ikke blitt ført opp i tabell 3.6 Statens aksjeinteresser på side 256 i meldingen.

I tabell 5.4 på side 299 i meldingen er avdekket feil i Statsbyggs balanseoppstilling. Dette gjelder presentasjonen og fordelingen av statens rentebærende kapital, annen langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld.

Ingen av feilene påvirker bevilgningsregnskapet eller kapitalregnskapet.

Oppdaterte sider følger vedlagt.

